



Pressemelding 22. september 2020

## **Koronatilfelle på Knarvik sjukeheim**

**Alver kommune stenger ei gruppe på sjukeheimen for besøkande etter at ein person har fått påvist koronavirus.**

– Vedkommande er innlagt på sjukehus og får nødvendig helsehjelp der, fortel kommunalsjef for helse og omsorg, Leni Dale.

..... Dette er det første tilfellet på ein sjukeheim i Alver kommune.

– Så langt, er det ingenting som tyder på at andre på sjukeheimen er smitta. Vi følgjer situasjonen tett og gjer det vi kan for å unngå at fleire får viruset, fortel Dale.

### **Har ringt pårørande**

Alver kommune har detaljerte rutinar for kva sjukeheimen skal gjere i slike tilfelle.

Vedkommande budde ilag med åtte andre. Heile denne gruppa blir no testa for koronavirus og er isolert frå resten av sjukeheimen.

– Vi har ringt og informert alle som har ein av sine i denne gruppa. Så lenge gruppa er isolert, kan vi ikkje ta imot besøk til desse åtte, fortel Dale.

Tilfellet får ikkje konsekvensar for andre avdelingar på sjukeheimen. Her er det ope for besøk på vanleg måte.

### **Tilsette i karantene**

Koronasenteret har starta arbeidet med å kartleggje kven den smitta har vore i nærkontakt med.

– Smittesporinga er i gang, men vi veit førebels ikkje kor smitten kjem ifrå, seier Dale.



**ALVER**  
KOMMUNE

Tilsette som jobba med denne gruppa og er nærkontaktar må halde seg heime i ti dagar.

– Dei som er isolerte får den oppfølginga dei skal ha. Tilsette som no jobbar med denne gruppa har sett i verk nødvendige smitteverntiltak, fortel Dale.